



Utval: Formannskapet
Møtestad: Rådhus Valldal
Dato: 26.02.2026
Tid: Kl. 17:00 - 20:55

Medlemmer:	Parti
Jens Einar Aklestad	AP
Espen Heitmann	Frp
Ester Reidun Vinje Nilsen	H
Jan Are Remme	H
Lars Kristian Øvrebust	Sp
Terese Jemtegård Moen	Sp
Dagrun Agnes Vikesland	SV

Frå administrasjonen møtte:

Kommunedirektør Bjørn Inge Ruset
Kommunalsjef Teknisk Freddy Hanssen
Kommunalsjef Oppvekst og kultur Mariann R. Birkhol
Kommunalsjef Helse, omsorg og velferd Sindre Søvik Erstad
Landbrukssjef Arvid Berge
Fagsjef samfunn Aud Lindis Ødegaard
Prosjektleder HUS Are Sveinung Leira
Sekretær Alexander Oudijk

Terese Jemtegård Moen
ordfører

Alexander Oudijk
sekretær

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
007/26	Godkjenning av møtebok
008/26	Kulturpris og kulturstipend 2026
009/26	Deling av eigedom gbnr 52/3 og 52/7
010/26	Fortetting med kvalitet
011/26	Klage på avslag – bruk av Rådhusmarka
012/26	Orienteringssaker

Merknader til innkalling:

- Ettersendt på e-post måndag 23.02: tilleggsinformasjon til FS-sak 009/26 - Deling av eigedom gbnr 52/3 og 52/7 med tittel: Til Formannskapet Botnen 23.02.

Ingen merknader til sakliste.

Møte starta med Planforum og orientering om framdrift av planprosessane.

Orienteringar frå ordføraren:

- **Høyringsvar forslag om integreringsstønad for nyankomne flyktningar – frist 23.04.2026.** Regjeringa har sendt ut på høyring eit forslag til ein eigen stønad, integreringsstønaden, for nyankomne flyktningar og deira familie. Ordførar tek initiativ til å utarbeide ei høyringsuttale saman med gruppeleiarane og med innspel frå administrasjonen.
- **Tilbakemelding til prosessen for verdsarv villreinfangsten.** Fjord kommune har fått henvending om å delta med ein representant frå administrasjonen i eit kontaktutvalg for prosjektet "Villreinfangsten i Dovrefjell, Rondane og Reinheimen". Kontaktutvalet skal arbeide med å førebu grunnlag for politisk beslutning om ein skal sende søknad om verdsarvstatus for Villreinfangsten i Dovrefjell, Rondane og Reinheimen. Ordførar foreslo for formannskapet ordlyd i tilbakemelding, og fekk støtte for dette: Fjord kommune ønsker inntil vidare ikkje å delta i kontaktutvalet. Dette fordi erfaringane våre med verdsarvstatus hittil viser at slike ordningar kan få store konsekvensar for arealforvaltning og lokalt handlingsrom, også utanfor verdsarvområdet. Vi ønsker å avvente vurdering av om vi skal delta i kontaktutvalet til vi har fått svar frå Kommunal- og distriktsdepartementet på om Områdeplan for landbasert oppdrett Raudbergvika vert godkjent eller ikkje.
- **Uttale fylkesstrategi samferdsel.** Ordførar orienterte om at Sunnmøre Regionråd har utarbeidd ein høyringsuttale til fylkesstrategi for samferdsel, og anbefaler at Fjord kommune støttar denne, i tillegg til å sende sin eigen høyringsuttale innan fristen 27. februar. Basert på drøftinga i formannskapet får ordførar fullmakt til å utarbeide og sende ei høyringsuttale frå Fjord kommune.

Orienteringar frå kommunedirektøren:

- Ikkje revidert rekneskap viser negativt resultat på ca 1,3 millionar som vert dekt over disposisjonsfondet.
- Truleg auke på inntekter på sal av konsesjonskraft for 2026
- Sannsynleg auke i straumutgifter i 2026 og utover budsjett
- Sannsynleg auke i driftskostnader på helse, omsorg og velferd utover budsjett.

007/26: Godkjenning av møtebok

Kommunedirektøren si innstilling:

Møtebok frå førre møte vert godkjent.

Formannskapet 26.02.2026:

Behandling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 2, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS- 007/26 Vedtak:

Kommunedirektøren si innstilling:

Møtebok frå førre møte vert godkjent.

008/26: Kulturpris og kulturstipend 2026

Kommunedirektøren si innstilling:

Kommunedirektøren rår til at kulturpris og kulturstipend for Fjord kommune kan delast ut også i 2026. Samtidig rår han til at ein ikkje treng å ta opp til politisk handsaming kvart år, om dette skal lysast ut eller ei.

Formannskapet 26.02.2026:

Behandling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 2, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS- 008/26 Vedtak:

Kommunedirektøren si innstilling:

Kommunedirektøren rår til at kulturpris og kulturstipend for Fjord kommune kan delast ut også i 2026. Samtidig rår han til at ein ikkje treng å ta opp til politisk handsaming kvart år, om dette skal lysast ut eller ei.

009/26: Deling av eigedom gbnr 52/3 og 52/7

Kommunedirektøren si innstilling:

I medhald av jordlova § 12 avslår kommunen søknad om deling av landbrukseigedom 52/7,3

Grunngjeving: Mest mogeleg landbruksareal (jord- og skogbruk) bør høyra til landbrukseigedomar der buplikt er relevant, slik at ein i størst mogeleg grad sikrar lokal tilknytning, lokal verdiskaping og goder som til dømes jakt, for lokalsamfunnet.

Formannskapet 22.01.2026:

Behandling:

Alternativt vedtak, foreslått av Jan Are Remme, Høgre

Kommunen tillèt etter jordlova frådelling av 52/3 frå landbrukseiendomen 52/7,3.

Grunngjeving: Kommunen kan sørge for buplikt ved å innføra lokal forskrift om konsesjonsgrenser.

Skog som ikkje er kartlagt i AR5 er i hovudsak bjørkeskog/kratt i ulendt terreng, og er per i dag i praksis ikkje relevant med tanke på jord-/skogbruk. Avgjevarbruket er i liten grad avhengig av arealet som er søkt frådelt. Det er positivt om nokon vedlikeheld bygning i Botnen. Med eller utan frådelling er det berre 16 daa dyrkamark som er eigd, og dette gjev lite vinterfôr med tanke på eventuell utnytting av beite, og vert normalt rekna som ein svært liten eigedom for å driva jordbruk. *Det er inngått intensjonsavtale om salg til en lokal innbygger med odel på et bruk i samme bygd som hovedbruket. Kjøper har signalisert at eiendommen skal rehabiliteres slik at bygningsmasse settes tilbake i original stand. Videre har kjøper signalisert at dagens forpaktning av jord skal videreføres til eksisterende leietager, og på denne måten blir beitemark holdt i hevd. Kjøper sitt odelsbruk har tilsvarende forutsetninger som dagens hovedbruk knyttet til dyrehold, og et salg vil derfor ikke forandre forutsetningene lokalt i vesentlig grad. Samlet sett legges det til grunn at eiendommen dermed forblir ivaretatt ihht jordlova §1 og at fordelene med ny eier er større enn at dagens eier beholder eiendommen.*

Utsetting med føremål dialog med søkar om å overføre Botnen til anna landbrukseiendom, foreslått av Dagrūn Agnes Vikesland, Sosialistisk venstreparti

Saka blir utsett. Formannskapet ber administrasjonen om å gå i dialog med eigar/søkar vedrørande overføring til anna bruk tilhøyrande interessenten sin familie. Formannskapet ber også om ei tydeleg avklaring av korleis ei utskilling av Botnen vil påverke konsesjonsgrense for hovudbruket Engeset.

Tilleggsinformasjon til saka frå Håkon Døving med tittel: '**Orientering lokal tilknytning Botnen**' vart ettersendt til formannskapet per e-post 19.01.16.

Jan Are Remme (H) presenterte alternativt forslag til vedtak frå Fjord Høgre og Frp.
Saka vart drøfta.

Dagrūn Agnes Vikesland (SV) fremma forslag til utsetting av saka:

'Saka blir utsett. Formannskapet ber administrasjonen om å gå i dialog med eigar/søkar vedrørande overføring til anna bruk tilhøyrande interessenten sin familie. Formannskapet ber også om ei tydeleg avklaring av korleis ei utskilling av Botnen vil påverke konsesjonsgrense for hovudbruket Engeset.'

Det vart røysta over utsettingsforslaget frå Dagrūn Agnes Vikesland (SV):

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Nytt forslag - Utsetting med føremål dialog med søkar om å overføre Botnen til anna landbrukseiendom**

Dagrūn Agnes Vikesland (SV)

For: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 2, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Utsettingsforslaget frå Dagrūn Agnes Vikesland (SV) vart samrøystes vedteke.

FS- 002/26 Vedtak:

Saka blir utsett. Formannskapet ber administrasjonen om å gå i dialog med eigar/søkar vedrørende overføring til anna bruk tilhøyrande interessenten sin familie. Formannskapet ber også om ei tydeleg avklaring av korleis ei utskilling av Botnen vil påverke konsesjonsgrense for hovudbruket Engeset.

Formannskapet 26.02.2026:

Behandling:

Deling av grunneiendom, foreslått av Lars Kristian Øvrebust, Senterpartiet

I medhald av jordlova § 12 avslår kommunen søknad om deling av landbrukseigedom 52/7,3
Grunngjeving: Mest mogeleg landbruksareal (jord- og skogbruk) bør høyra til landbrukseigedomar der buplikt er relevant, slik at ein i størst mogeleg grad sikrar lokal tilknytning, lokal verdiskaping og goder som til dømes jakt, for lokalsamfunnet.

Nytt forslag, foreslått av Espen Heitmann, Framstegspartiet

Kommunen tillet fradeling av 52/3, med vilkår om at grunneiendommen vert lagt til ein annan landbrukseigedom lokalt. Vedtaket er gyldig i tre år frå vedtaksdato.

Deling av eigedom gnr 52/3 og 52/7, foreslått av Lars Kristian Øvrebust, Senterpartiet

I medhald av jordlova § 12 avslår kommunen søknad om deling av landbrukseigedom 52/7,3
Grunngjeving: Ei frådeling vil svekke verdien av hovedbruket ved at td. jaktrett blir svekka. Småbruk bør ikkje delast men seljast i si heilheit. Lempeleg handsaming i slike saker vil på sikt kunna føra til landbruksmessige og samfunnsmessige ulemper samla sett. Utifrå ei samla vurdering blir difor søknaden avslått.

Tilleggsinformasjon til saka frå Håkon Døving med tittel: **‘Til Formannskapet Botnen 23.02’** vart ettersendt til formannskapet per e-post 23.02.26.

Saksbehandlar har lagt inn nye opplysningar i saka etter behandlinga i formannskapet 22.01.26.

Saka vart drøfta.

Lars Kristian Øvrebust (Sp) fremma forslag til vedtak som er likt kommunedirektøren si opprinnelige innstilling:

*"I medhald av jordlova § 12 avslår kommunen søknad om deling av landbrukseigedom 52/7,3
Grunngjeving: Mest mogeleg landbruksareal (jord- og skogbruk) bør høyra til landbrukseigedomar der buplikt er relevant, slik at ein i størst mogeleg grad sikrar lokal tilknytning, lokal verdiskaping og goder som til dømes jakt, for lokalsamfunnet."*

Landbrukssjef Arvid Berge svarte på spørsmål.

Det vart halde gruppemøte.

Lars Kristian Øvrebust (Sp) trakk sitt opprinnelige forslag til vedtak, og fremma følgjande nytt fellesforslag til vedtak på vegne av Sp, Ap og SV:

*"I medhald av jordlova § 12 avslår kommunen søknad om deling av landbrukseigedom 52/7,3
Grunngjeving: Ei frådeling vil svekke verdien av hovedbruket ved at td. jaktrett blir svekka. Småbruk bør ikkje delast men seljast i si heilheit. Lempeleg handsaming i slike saker vil på sikt kunna føra til landbruksmessige og samfunnsmessige ulemper samla sett. Utifrå ei samla vurdering blir difor søknaden avslått."*

Espen Heitmann (Frp) fremma nytt forslag til vedtak:

"Kommunen tillet fradeling av 52/3, med vilkår om at grunneiendommen vert lagt til ein annan landbrukseigedom lokalt. Vedtaket er gyldig i tre år frå vedtaksdato."

Fellesforslaget frå Fjord Sp, Ap og SV vart sett opp mot nytt forslag til vedtak frå Fjord Frp:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Nytt forslag - Nytt forslag: 3 stemmer (43%) - Frp 1, H 2

Espen Heitmann (Frp)

Nytt forslag - Deling av eigedom gnr 52/3 og 52/7: 4 stemmer (57%) - AP 1, Sp 2, SV 1

Lars Kristian Øvrebust (Sp), Andre partier: AP, Sp, SV

Fellesforslaget frå Fjord Sp, Ap og SV vart vedteke mot 3 røyster.

FS- 009/26 Vedtak:

I medhald av jordlova § 12 avslår kommunen søknad om deling av landbrukseigedom 52/7,3
Grunngjeving: Ei frådeling vil svekke verdien av hovedbruket ved at td. jaktrett blir svekka. Småbruk bør ikkje delast men seljast i si heilheit. Lempeleg handsaming i slike saker vil på sikt kunna føra til landbruksmessige og samfunnsmessige ulemper samla sett. Utifrå ei samla vurdering blir difor søknaden avslått.

010/26: Fortetting med kvalitet

Kommunedirektøren si innstilling:

Fjord formannskap gir administrasjonen fullmakt til å delta i prosjektet «Fortetting med kvalitet» etter invitasjon fra Møre og Romsdal fylkeskommune.

Formannskapet 26.02.2026:

Behandling:

Nytt forslag 010/26, foreslått av Jan Are Remme, Høgre

Fjord formannskap gir administrasjonen fullmakt til å delta i prosjektet "Fortetting med kvalitet" etter invitasjon frå Møre og Romsdal fylkeskommunen.

Administrasjonen blir bedt om å prioritere kapasitet og økonomi inn mot reguleringsplanarbeidet for sentrumsområda i Stordal, Eidsdal og Valldal med slutføring seinast ultimo 2027.

Om naudsynt er ein villig til sjå på omdisponering i investeringsbudsjettet for å gi dette arbeidet ønska prioritet og framdrift. Eventuell omdisponering vil ein måtte kome tilbake til i ein budsjettrevisjon.

Saka vart drøfta.

Jan Are Remme (H) presenterte nytt forslag til vedtak på vegne av Fjord Høgre og Frp:

"Fjord formannskap gir administrasjonen fullmakt til å delta i prosjektet "Fortetting med kvalitet" etter invitasjon frå Møre og Romsdal fylkeskommunen.

Administrasjonen blir bedt om å prioritere kapasitet og økonomi inn mot reguleringsplanarbeidet for sentrumsområda i Stordal, Eidsdal og Valldal med slutføring seinast ultimo 2027.

Om naudsynt er ein villig til sjå på omdisponering i investeringsbudsjettet for å gi dette arbeidet ønska prioritet og framdrift. Eventuell omdisponering vil ein måtte kome tilbake til i ein budsjettrevisjon."

Votering nr 1 - Votering over forslag

Opprinnelig forslag: 0 stemmer (0%)

Nytt forslag - Nytt forslag 010/26: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 2, SV 1

Jan Are Remme (H), Andre partier: Frp

Fellesforslag til vedtak frå Fjord Høgre og Frp vart samrøystes vedteke.

FS- 010/26 Vedtak:

Fjord formannskap gir administrasjonen fullmakt til å delta i prosjektet "Fortetting med kvalitet" etter invitasjon frå Møre og Romsdal fylkeskommunen.

Administrasjonen blir bedt om å prioritere kapasitet og økonomi inn mot reguleringsplanarbeidet for sentrumsområda i Stordal, Eidsdal og Valldal med slutføring seinast ultimo 2027.

Om naudsynt er ein villig til sjå på omdisponering i investeringsbudsjettet for å gi dette arbeidet ønska prioritet og framdrift. Eventuell omdisponering vil ein måtte kome tilbake til i ein budsjettrevisjon.

011/26: Klage på avslag – bruk av Rådhusmarka

Kommunedirektøren si innstilling:

Kommunedirektøren tilrår avslag på søknad om festivalcamp på Rådhusmarka. Dersom det likevel blir gjeve løyve, må dette skje med tydelege krav oppfølging og tett kontroll.

Formannskapet 26.02.2026:

Behandling:

Søknad om festivalcamp, foreslått av Jens Einar Aklestad, Arbeidarpartiet

Søknad om festivalcamp på Rådhusmarka vert innvilga med følgjande krav:

Tidsavgrensing og opning

o Området kan ikkje takast i bruk før fredag kl. 17:00, av omsyn til barnehagedrift.

o Stille-/nattero frå kl. 23:00–07:00. Forsterka vakthald i denne perioden.

Areal

o Areal, inndelt i om lag 4 parseller med dokumenterte brannavstandar, fri ferdsel for utrykkingskøyretøy, skilta rømmingsvegar og mønster for trygg ferdsel i tråd med brannvedtekter for campingplassar.

Tryggleik, vakthald og adgangskontroll

o Arrangøransvar for bortvising av «vill-campere» og personar utan gyldig tilgang.

o Sperringar/avskjerming mot kommunale område (barnehage, sjukeheim, helsebygg og andre kommunale bygg imiddelbar nærleik). Patruljerande vakter ved kritiske punkt.

o Soner med forbod mot opphald nær institusjonsveggar, inngangar, gangvegar til helsebygg og barnehage.

Støy og lyd

o Lyd frå camp-område skal haldast på lågast mogleg nivå; forbod mot musikkforsterking i stilleperioden.

- o Lydproblematikk etter konsertar skal handsamast: ingen «nachspiel»-aktivitet med høg lyd; forsterka vakthald etter konsertslutt.

Sanitet, hygiene og smittevern

- o Tilstrekkeleg tal wc/urinal/handvaskstasjonar med kontinuerleg drift og vedlikehald.
- o Nulltoleranse for avføring/spy/urin i nærområde, særleg mot barnehage/helsebygg.
- o Krav om vurdering frå kommuneoverlege av sanitæropplegg og smittefare før opning; eventuelt krav om forbetringar før løyve trer i kraft.
- o Eige beredskapsteam for rask reinsing/desinfeksjon ved hendelsar.

Brann og beredskap

- o Dokumenterte tiltak i tråd med gjeldande brannføresegner for campingsplassar/festivalcamp (brannavstand, sløkkeutstyr, rømmingsvegar, røykeforbodssoner, gasshandtering).
- o Godkjend plan for evakuering og samvirke med nødetatar. Eigne brannvakter i stilleperioden.

Trafikk og logistikk

- o Skilta gangliner og avsperring mot institusjonane.
- o Transport- og vareleveringsruter skal ikkje gå forbi inngangar til helse- og barnehagebygg.
- o Maksgrense for kjøretøy inne på camp; parkeringsløyving utanfor omsynssona.

Ordensreglar og reaksjonar

- o Tydelige reglar for åtferd, ro og væske-/rusregime.
- o Umiddelbar bortvising ved brot. Gjentekne brot kan medføre stenging av camp.

Kommunal inspeksjon og heimel for stenging

- o Kommunen kan gjennomføre uvarsla inspeksjonar under arrangementet.
- o Vesentlege brot på vilkår gir grunnlag for umiddelbar stenging. Arrangør ber kostnad og praktisk ansvar for trygg avvikling ved stenging.

Etterkontroll og opprydding

- o Etterinspeksjon med kommunen første virkedag etter nedrigg.
- o Full opprydding innan fastsett frist. Eventuelle skadar vert erstatta av arrangør.

Administrasjonen godkjenner detaljplanar for støy, sanitet, beredskap og vakthald i forkant, og fører tilsyn undervegs og etterpå.

Innvilginga gjeld for festivalcamp i samband med Sommarfest i Valldal 2026. Administrasjonen skal vidare samarbeide med arrangør om å identifisere alternativ lokasjon som ikkje ligg i sårbart helse-/omsorgsnærmiljø for å syte for gode løysingar ved seinare liknande arrangement.

Nytt forslag - festivalcamp på Rådhusmarka, foreslått av Jens Einar Aklestad, Arbeidarpartiet
Søknad om festivalcamp på Rådhusmarka vert innvilga med følgjande krav:

Tidsavgrensing og opning

- o Området kan ikkje takast i bruk før fredag kl. 17:00, av omsyn til barnehagedrift.
- o Stille-/nattero frå kl. 23:00–07:00. Forsterka vakthald i denne perioden.

Areal

- o Areal, inndelt i om lag 4 parseller med dokumenterte brannavstandar, fri ferdsel for uttrykingskøytøy, skilta rømmingsvegar og mønster for trygg ferdsel i tråd med brannvedtekter for campingplassar.

Tryggleik, vakthald og adgangskontroll

- o Arrangøransvar for bortvising av «vill-campere» og personar utan gyldig tilgang.

- o Sperringar/avskjerming mot kommunale område (barnehage, sjukeheim, helsebygg og andre kommunale bygg imiddelbar nærleik).
- o Soner med forbod mot opphald nær institusjonsveggar, inngangar, gangvegar til helsebygg og barnehage.
- o Krav om profesjonelt vakthald som patruljerar campområdet og kritiske punkt.

Støy og lyd

- o Lyd frå camp-område skal haldast på lågast mogleg nivå; forbod mot musikkforsterking i stilleperioden.
- o Lydproblematikk etter konsertar skal handsamast: ingen «nachspiel»-aktivitet med høg lyd; forsterka vakthald etter konsertslutt.

Sanitet, hygiene og smittevern

- o Tilstrekkeleg tal wc/urinal/handvaskstasjonar med kontinuerleg drift og vedlikehald.
- o Nulltoleranse for avføring/spy/urin i nærområde, særleg mot barnehage/helsebygg.
- o Krav om vurdering frå kommuneoverlege av sanitæropplegg og smittefare før opning; eventuelt krav om forbetringar før løyve trer i kraft.
- o Eige beredskapsteam for rask reinsing/desinfeksjon ved hendelsar.

Brann og beredskap

- o Dokumenterte tiltak i tråd med gjeldande brannføresegner for campingsplassar/festivalcamp (brannavstand, sløkkeutstyr, rømmingsvegar, røykeforbodssonar, gasshandtering).
- o Godkjend plan for evakuering og samvirke med nødetatar. Eigne brannvakter i stilleperioden.

Trafikk og logistikk

- o Skilta gangliner og avsperring mot institusjonane.
- o Transport- og vareleveringsruter skal ikkje gå forbi inngangar til helse- og barnehagebygg.
- o Maks grense for kjøretøy inne på camp; parkeringsløyving utanfor omsynssona.

Ordensreglar og reaksjonar

- o Tydelige reglar for åtferd, ro og væske-/rusregime.
- o Umiddelbar bortvising ved brot. Gjentekne brot kan medføre stenging av camp.

Kommunal inspeksjon og heime for stenging

- o Kommunen kan gjennomføre uvarsla inspeksjonar under arrangementet.
- o Vesentlege brot på vilkår gir grunnlag for umiddelbar stenging. Arrangør ber kostnad og praktisk ansvar for trygg avvikling ved stenging.

Etterkontroll og opprydding

- o Etterinspeksjon med kommunen første virkedag etter nedrigg.
- o Full opprydding innan fastsett frist. Eventuelle skadar vert erstatta av arrangør.

Administrasjonen godkjenner detaljplanar for støy, sanitet, beredskap og vakthald i forkant, og fører tilsyn undervegs og etterpå.

Innvilginga gjeld for festivalcamp i samband med Sommarfest i Valldal 2026. Administrasjonen skal vidare samarbeide med arrangør om å identifisere alternativ lokasjon som ikkje ligg i sårbart helse-/omsorgsnærmiljø for å syte for gode løysingar ved seinare liknande arrangement.

Kommunestyret valgte i møte 05.02.26 å delegere behandling av saka «Politisk vurdering av rådhusmarka 2026» til formannskapet på neste formannskapsmøte 26. februar.

Saka vart drøfta.

Innspel frå Valldal omsorgsbustader (HBO Valldal) v/ spesialsjukepleiar Cathrine Berli og Nils Petter Lian som vart sendt til kommunen 20.02.26, vart delt ut i møtet.

Jens Einar Aklestad (Ap) presenterte nytt forslag til vedtak.

Det vart halde gruppemøte.

Jens Einar Aklestad (Ap) trakk sitt opprinnelige forslag til vedtak, og fremma nytt forslag til vedtak.

Kommunedirektøren si innstilling vart sett opp mot det nye forslaget frå Fjord Ap:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Opprinnelig forslag: 2 stemmer (29%) - Sp 1, SV 1

Nytt forslag - Nytt forslag - festivalcamp på Rådhusmarka: 5 stemmer (71%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 1

Jens Einar Aklestad (AP)

Nytt forslag frå Fjord Ap vart vedteke mot 2 røyster.

FS- 011/26 Vedtak:

Søknad om festivalcamp på Rådhusmarka vert innvilga med følgjande krav:

Tidsavgrensing og opning

- o Området kan ikkje takast i bruk før fredag kl. 17:00, av omsyn til barnehagedrift.
- o Stille-/nattero frå kl. 23:00–07:00. Forsterka vakthald i denne perioden.

Areal

- o Areal, inndelt i om lag 4 parseller med dokumenterte brannavstandar, fri ferdsel for utrykkingskøyretøy, skilta rømmingsvegar og mønster for trygg ferdsel i tråd med brannvedtekter for campingplassar.

Tryggleik, vakthald og adgangskontroll

- o Arrangøransvar for bortvising av «vill-campere» og personar utan gyldig tilgang.
- o Sperringar/avskjerming mot kommunale område (barnehage, sjukeheim, helsebygg og andre kommunale bygg imiddelbar nærleik).
- o Soner med forbod mot opphald nær institusjonsveggar, inngangar, gangvegar til helsebygg og barnehage.
- o Krav om profesjonelt vakthald som patruljerar campområdet og kritiske punkt.

Støy og lyd

- o Lyd frå camp-område skal haldast på lågast mogleg nivå; forbod mot musikkforsterking i stilleperioden.
- o Lydproblematikk etter konsertar skal handsamast: ingen «nachspiel»-aktivitet med høg lyd; forsterka vakthald etter konsertslutt.

Sanitet, hygiene og smittevern

- o Tilstrekkeleg tal wc/urinal/handvaskstasjonar med kontinuerleg drift og vedlikehald.
- o Nulltoleranse for avføring/spy/urin i nærområde, særleg mot barnehage/helsebygg.
- o Krav om vurdering frå kommuneoverlege av sanitæropplegg og smittefare før opning; eventuelt krav om forbetringar før løyve trer i kraft.
- o Eige beredskapsteam for rask reinsing/desinfeksjon ved hendelsar.

Brann og beredskap

- o Dokumenterte tiltak i tråd med gjeldande brannføresegner for campingsplassar/festivalcamp (brannavstand, sløkkeutstyr, rømmingsvegar, røykeforbodssoner, gasshandtering).
- o Godkjend plan for evakuering og samvirke med nødetatar. Eigne brannvakter i stilleperioden.

Trafikk og logistikk

- o Skilta gangliner og avsperring mot institusjonane.
- o Transport- og vareleveringsruter skal ikkje gå forbi inngangar til helse- og barnehagebygg.
- o Maksgrense for kjøretøy inne på camp; parkeringsløyising utanfor omsynssona.

Ordensreglar og reaksjonar

- o Tydelige reglar for åtferd, ro og væske-/rusregime.
- o Umiddelbar bortvising ved brot. Gjentekne brot kan medføre stenging av camp.

Kommunal inspeksjon og heimefor stenging

- o Kommunen kan gjennomføre uvarsla inspeksjonar under arrangementet.
- o Vesentlege brot på vilkår gir grunnlag for umiddelbar stenging. Arrangør ber kostnad og praktisk ansvar for trygg avvikling ved stenging.

Etterkontroll og opprydding

- o Etterinspeksjon med kommunen første virkedag etter nedrigg.
- o Full opprydding innan fastsett frist. Eventuelle skadar vert erstatta av arrangør.

Administrasjonen godkjenner detaljplanar for støy, sanitet, beredskap og vakthald i forkant, og fører tilsyn undervegs og etterpå.

Innvilginga gjeld for festivalcamp i samband med Sommarfest i Valldal 2026. Administrasjonen skal vidare samarbeide med arrangør om å identifisere alternativ lokasjon som ikkje ligg i sårbart helse-/omsorgsnærmiljø for å syte for gode løysingar ved seinare liknande arrangement.

012/26: Orienteringssaker

Kommunedirektøren si innstilling:

Orienteringssakene blir tatt til orientering.

Formannskapet 26.02.2026:

Behandling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 2, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS- 012/26 Vedtak:

Kommunedirektøren si innstilling:

Orienteringssakene blir tatt til orientering.